



Kverna på Rød er på nytt godt synleg frå Fylkesvegen.

Tett skog og kratt har ført til at kverna på Bygdetunet Rød har vore lite synleg dei ti siste åra. No er skogen delvis rydda, og på nytt ser vi eit vakkert kulturminne,- det einaste i sitt slag i Uskedalen.

I 1990 vart kverna flytta frå bruk 3 på nedre Døssland der Helge Feet budde. Eigarar, då kverna vart flytta, var Asbjørn Olsen, Knut Døssland, Olav og Nelly Døssland.

Saman med desse eigarane av kverna, vart det skriva avtale om flytting til Rød. Kverna var ei gåve til bygdetunet.

Torgeir Helgeland og Bjarne L. Rød var handverkarane og stod for alt fagleg arbeid med restaureringa. Bjarne er død. Torgeir omkom i ei tragisk bilulukke på Husnes.

Kverna er funksjonell og vert brukt på museumsdagane og elles når det er omvisning og tilskipingar på bygdetunet.

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland